

Referat telefonmøte med kommunane måndag 16. mars

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Kommunane, Fylkesmannen, helseføretaka og fylkeskommunen

1. Informasjon/presiseringar

Nytt telefonmøte med kommunane torsdag 19. mars kl. 14.30. Det vert sendt ut eigen innkalling til dette møtet. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 14.15.

Slik det gjekk fram av e-post som vi sendte ut måndag 16.03, må alle rapportere på spørsmål om korleis barnehage- og skuleeigar arbeider for å sikre eit tilbod til barn og unge som treng det mest, og barn av personell med kritiske samfunnsfunksjonar. Frist for rapportering er onsdag 18. mars kl. 17.00.

2. Politiattestar

Det er krav om politiattest for ei rekke arbeidsoppgåver innan både helse- og oppvekstområdet. Fleire kommunar lurar på om det er mogleg med unntak frå dette kravet, eventuelt å få fortgang i prosessen med å levere politiattestar. Fylkesmannen ser at dette er ei stor og praktisk problemstilling og har tatt spørsmålet vidare for avklaring.

Det vil vere mogleg å starte opplæring av personell før politiattest er avklart, så lenge dei er i følgje med helsepersonell. På den måten vil vedkommande kunne gå inn i arbeid så fort politiattesten er klar.

3. Ny forskrift om karantene, isolasjon og forbud mot opphold på fritidseiendommer mv. i anledning utbrudd av Covid-19

Sjå forskrifta her: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-15-294>

Forskrifta § 5 gjer gjeldande at personar som har fritidseiendom i anna kommune enn der vedkommande er folkeregistrert, ikkje har lov til å opphalde seg på fritidseiendommen. Strengt nødvendig vedlikehald eller tilsyn for å avverje store materielle skadar kan tillatast. Denne paragrafen er ikkje tråd i kraft, men vil kunne bli satt i kraft av Helse- og omsorgsdepartementet ved behov.

Fleire kommunar har spurd om det vil vere mogleg å gi dispensasjon frå forskrifta, til dømes for vekependlarar som nyttar hytta som pendlarbustad. På same måte vert det spurt kven ein i så fall skal søke til. Fylkesmannen vil sende spørsmålet til rett fagdepartement, dersom § 5 i forskrifta blir sett i kraft.

Vi har òg fått spørsmål om dette gjeld opphald i campingvogn, bubil og liknande. Ut frå føremålet med forskrifta kan Fylkesmannen ikkje sjå at opphald i slike skal vurderast noko annleis enn for hytter eller andre fritidsbustadar.

4. Føringar om spørsmål om bistand frå Sivilforsvaret

Det er nødvendig å koordinere og prioritere bistand/støtte frå Sivilforsvaret til kommunane. I situasjonar der kommunane har behov for bistand frå naudetatane, må kommunen på vanleg måte rette førespurnaden til desse. Naudetatane vil igjen be om støtte frå Sivilforsvaret når det er nødvendig.

I situasjonar utover desse, og i alle fall når dei rammar fleire kommunar, må Fylkesmannen bidra i samordninga og prioriteringa av ressursar, mellom anna gjennom fylkesberedskapsrådet. S

Kommunane kan framleis be distriktskontoret direkte om bistand som gjeld akutte mindre hendingar.

Det som står om Sivilforsvaret vil òg gjelde for bistand/støtte frå Heimevernet.

5. Delegering til formannskapet i kommunelova

Ei mellombels forskrift opnar for å halde folkevalde møte som fjernmøte, sjølv om kommunestyret ikkje har bestemt dette på førehand. Møtet kan gjennomførast utan at møtedeltakarane ser kvarandre og telefonmøte er såleis godteke. Sjå forskrifta her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/midlertidig-forskrift-om-gjennomforing-av-fjernmoter-i-kommuner-og-fylkeskommuner-for-a-begrense-spredning-av-covid-19/id2693469>

Det er elles ein allmenn heimel i kommunelova § 11-8 første ledd til at kommunestyret som kan gjere formannskapet mynde til å gjere vedtak i hastesaker, på nærare vilkår. Sjå lova her: <https://lovdata.no/lov/2018-06-22-83/§11-8>

6. Samfunnskritiske funksjonar

Hovudregelen er at barnehagar og skuler er stengt for å hindre spreiding av smitte. Av omsyn til dette føremålet må det vere ein høg terskel for kven som skal kunne få tilbod om barnehage-/skuleplass.

Det må følgjeleg vere eit avgrensa tal personar som vert definert innanfor kategorien kritiske samfunnsfunksjonar som har rett på barnehage-/skuletilbod.

Følgjande vert presisert av nasjonale styresmakter: myndigheiter

- Det er nøkkelpersonell innanfor dei samfunnskritiske funksjonane som er omfatta, og ikkje funksjonar som generelt kan vere viktige utan å vere samfunnskritiske.
- Det bør leggjast til grunn ei restriktiv linje og oppmodast om deling av barnepass mellom foreldre.
- Bruk av andre slektningar og andre til barnepass kan ved behov vurderast, men eldre og andre personar i risikogrupper bør ikkje nyttast.
- Barn skal vere under 12 år
- Når barn bur med to føresette, må begge føresette ha nøkkelroller innanfor verksemder som har ei kritisk samfunnsfunksjon for at dei skal ha krav på tilbod.

For oversikt over verksemder med samfunnskritiske funksjonar, og presiseringar frå regjeringa knytt til kven som har krav på barnehage-/skuletilbod, sjå her:

https://www.regjeringen.no/contentassets/d510013361654fcabcb7e025f439eb19/personell_i_kritiske_samfunnsfunksjoner_16.03.2020.pdf

Overføring av omsorgsdagar

Stortinget har måndag 16. mars varsla at det vil komme endringar på dette området. Arbeids- og sosialdepartementet vil derfor oppdatere denne artikkelen

snarleg: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/rettigheter-ved-stengte-skoler-og-barnehager/id2693355/>

7. Permittering

Sjå KS sine sider om råd til kommunane: <https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/informasjon-om-koronaviruset/koronaviruset-rad-til-kommunale-arbeidsgivere/>

KS legg til grunn at det i liten grad vil vere aktuelt å permittere, då arbeidskraftbehovet ventast å blir stort i kommunane. På noverande tidspunkt er det difor viktigare å sikre drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane om omdisponering av ledige ressursar, enn permittering.

Fylkesmannen legg til for eiga rekning til at trongen for arbeidskraft sannsynlegvis først og fremst vil vere innanfor alle velferdstenestene, spesielt helse- og andre omsorgstenester. Det er difor viktig å så langt som råd kunne omdisponere ledige ressursar dit. Alle funksjonar som støttar opp under desse kritiske tenestene, som reinhald, vaktmeister og anna tekniske tenester i tillegg til nødvendig administrasjon, inkludert kommuneøkonomi og sikring av økonomiske naudhjelp er nødvendig å sikre om/når folk i desse tenestene ikkje kan vere på jobb.

8. Søndagsopne butikkar

Rema 1000 har søkt om lov til å halde ope på søndagar og nytte heile butikklokale for allereie søndagsopne butikkar. Same førespurnad er sendt til alle landets kommunar. Bakgrunnen for søknaden er at dei ønskjer større flate i butikkane slik at folk ikkje går for tett på kvarandre.

Søknaden om dispensasjon er sendt vidare til Barne- og familiedepartement for råd og rettleiing. Dei har gitt tilbakemelding på at dei vil svare så raskt som mogleg.

9. Offentlege toalett

Det har kome inn spørsmål om ein bør stenge offentlege toalett til dømes ved trafikale knutepunkt. Fylkesmannen har vore i dialog med Statens Vegvesen, som er opptatt av at toalettanlegg ikkje må stengjast. Det er veldig viktig å kunne oppretthalde logistikk- og forsyningstenester, og lastebilsjåførar og andre i transportnæringa treng tilgang til toalett.

Andre stengingsvedtak er opp til kvar enkelt kommune.

10. Gravferd og handtering av døde med covid-19

Handtering av døde med covid-19

Handtering av døde med covid-19 skal gjennomførast i samsvar til gjeldande rutinar for dråpesmitte. <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/smittevern-for-helsepersonell#handtering-av-dode-med-covid-19-skal-gjennomfores-i-henhold-til-gjeldene-rutiner-for-drapesmitte>

Ved visning av døde er det ikkje behov for verneutstyr, men ein bør avgrense kontakt.

Gravferd

Bjørgvin bispedøme har presisert at dei gjennomfører gravferd med næraste pårørande opp til 50 personar. Det er opp til kvar enkelt kommune å ta ei avgjerd på kor mange som kan samlast.

Talet kan setjast lågare. Føremålet er at tette møte mellom folk skal avgrensast og kommunen kan sjølv styre i tråd med føremålet. Det er viktig å vere medviten om at det i gravferder ofte er mange eldre, og såleis risikoutsette, til stades.

11. Ivaretaking av personar med rus- og psykiske lidingar

Helsedirektoratet har kome med ei tilråding om å vere spesielt merksame på personar med psykisk liding og ruslidingar. Personar med slike utfordringar vert rekna som høgrisikogruppe. Dei kan òg utgjere ei auka fare for å smitte andre.

Det vert vidare vurdert slik at det vil få store konsekvensar for denne gruppa og for samfunnet, dersom alminnelege tilbod vert stengt. Personar med mindre alvorlege psykiske-/ruslidingar vil kunne oppleve auka symptomtrykk i denne perioden.

For meir om denne problemstillinga sjå:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/ivaretakelse-av-personer-med-rus-og-psykiske-lidelser-i-kommunen-under-koronavirus>

12. Bruk av tvang etter smittevernlova

Vi ventar framleis på ei avklaring frå Helsedirektoratet om presiseringar knytt til dette.

Når det gjeld smittevernemnd, er det smittevernemnda i Oslo og Viken som skal brukast av heile landet. Det er samstundes viktig å hugse på at det er kommuneoverlegen som har mynde til å fatte tvangsvedtak etter smittevernlova.

13. Presisering av karantenekrav for helsepersonell

Jamfør presisering som vert sendt ut på e-post måndag 16.mars:

- Viss grunnlaget for gjennomføring av prøven var symptom på luftvegsinfeksjon, og prøva gjev eit negativt svar, kan helsepersonell gå tilbake i jobb éin dag etter symptomfriheit.
- Er helsepersonell testa som følgje av kontakt med smitta, opphevar ikkje den negative prøven karantenen.

Med det trykket som er på helsetenesta er det er ikkje lenger ei forventning til kommunane at dei skal halde oversikt over kven av helsepersonalet som er ute i karantene.

Karantenereglane for helsepersonell er under oppdatering. Følg med på FHI si nettside for siste oppdatering.

14. Karantenekrav til husstandsmedlemmar til stadfesta smitta

Personar som er husstandsmedlemmar av stadfesta smittetilfelle, men som sjølve er utan symptom, må vere i karantene til isolasjon for den smitta er oppheva, og i minst 14 dagar.

15. Vedtak om ytterlegare stenging av verksemder

Helsedirektoratet har gjort [vedtak](#) om stenging av ulike verksemder i offentleg og privat regi utanfor spesialisthelsetenesta, mellom anna fysioterapi (sjå vedtak for komplett liste). Det er ein føresetnad at kommunen sikrar at pasientar framleis får dekkja sitt behov for heilt nødvendig helsehjelp. Det gjeld til dømes nødvendig rehabilitering, eller behandling for å oppretthalde viktig funksjon som elles går tapt. Slik behandling må gjerast i samsvar med forsvarlege smitteverntiltak.

Ved tvil om kven dette gjeld, eller om det er råd å følgje opp krava, må kommuneoverlegen kontaktast for vurdering.

Sjå vedtaket her: <https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/helsedirektoratet-vedtar-stenging-av-virksomheter>

Tannlege og kjeveortoped

[Helsedirektoratet har gitt føringar](#) på at det skal gjevast nødvendig, akutt tannhelsehjelp. Utover dette skal verksemdene redusere planlagde timar og ikkje-nødvendige tenester.

16. Handtering av sjukeheim der ein har fått påvist korona

For ei skildring av korleis ein skal handtere pasientar som har fått påvist korona, sjå FHI sine sider om sjukeheim og smittevern:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/sykehjem-og-smittevern-mot-covid-19/>

17. Besøk på helseinstitusjonar

Helsedirektoratet tilrådde i går at alle helseinstitusjonar skal innføre tilgangskontroll og alminneleg besøksstans.

Sjå Helsedirektoratet sine sider for meir

informasjon: <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/smittevern-for-pasienter/alle-helseinstitusjoner-skal-innfore-adgangskontroll-for-besokende>

18. Kva type pasientar skal inn på sjukehus og kven skal primærhelsetenesta ta seg av

Det er egne særavtalar om pandemi mellom helseføretaka og dei tilhøyrande kommunane som omhandlar dette. Under ein pandemi kan avtalen om kvar pasientane skal endrast. Det vert ikkje sett bort frå at det kan skje no. Spørsmål bør takast opp med koordineringsgruppa til dei respektive helseføretaka (Helse Førde, Helse Bergen og Helse Fonna).

19. Innrapportering til helsedirektoratet om utstyr

Fylkesmannen har sendt ut eigen e-post der vi ber kommunane melde inn samla behov for smittevernutstyr i kommunen. Fristen for innrapportering er onsdag 18. mars. Fylkesmannen vil rapportere det samla behovet for fylket inn til Helsedirektoratet. Det vert arbeidd med å opprette ei nasjonal digital løysing for innmelding av utstyrsbehov..

Det kan oppstå eit problem i dei mindre kommunane når det gjeld tannhelsetenesta og mangel på andedrettsvern. Det kan verte mangel på tilgjengeleg utstyr for slik behandling. Fylkesmannen tek problemstillinga vidare, for å sjå om det er mogeleg å få til eit lokalt samarbeid i kommunen, og korleis tannhelsetenesta skal gå fram for eit slikt samarbeid. Dersom det oppstår eit slikt behov i kommunane før vi får avklaring, må Fylkesmannen kontaktast.

20. Endringar i tilbod

Kommunen må gjere ei eige vurdering av kva tilbod som bør prioriterast. Ved avskjering i lovfesta tilbod må rettane forklarast og grunnjevast. Det kan utformast ei felles grunngeving, men kvar enkelt brukar må bli orientert om vedtaket.

21. Omsorgstilbod for elevar med særleg omsorgsbehov i vidaregåande skule

Det er ei utfordring at mange av dei kommunale tilboda som denne brukargruppa har til vanleg fell bort, og gjer større belastning på dei einskilde videregående skulen. Fylkesmannen har vore i kontakt med Utdanningsdirektoratet om denne problemstillinga og ventar på ei avklaring.

22. Vedtak om landlovsnekt

Politimeisteren i Vest politidistrikt og Sørvest politidistrikt har vedteke landlovnekt for utanlandske mannskap, som ei følgje av smittesituasjonen omkring Covid-19. Vedtaket skal meldast til kvart fartøy som er på veg til hamn i politidistrikta, gjennom Fedje Trafikksentral.

23. Anleggsarbeid

Det er utfordrande for kommunane korleis dei skal halde seg til anleggsaktivitet som i stor grad vert utført av personar som pendlar til kommunane. Det vil kunne vere ei utfordring for kommunane å yte ei forsvarleg helseteneste for desse ved eit større utbrot av covid-19 blant desse.

Lærdal kommune informerer om at dei har bedt om driftsstans og utsetjing av slikt anleggsarbeid. Fylkesmannen meiner at ei slik oppmoding er i tråd med dei nasjonale formålet med å minimere reiser, og utfordringar med tanke på høve for vertskommunen til å gi tilstrekkeleg helsehjelp.

Fylkesmannen har sendt problemstillinga opp til nasjonale styresmakter, med oppmoding om at det skal utarbeidast generelle føringar for store anleggsarbeid.